

BRING AS  
Biskop Gunnerusgate 14 B  
0001 OSLO

### **Invitasjon til anbod på frakt av utstyr - Sleeping Beauty**

Vi har vedlagt eit dokument frå Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune har starta eit prosjekt med å sende ut posten digitalt. Dette er i tråd med regjeringa sitt digitaliseringaprogram.


Posten vi sender til deg blir sendt til meldingsboksen din i Altinn, og etterkvart også til postkasse hos Digipost eller eBoks. Der blir du oppfordra til å oppdatere Kontaktregisteret, som er tilgjengeleg både på [www.altinn.no](http://www.altinn.no) og [www.norge.no](http://www.norge.no). Du vil då bli varsle via SMS og e-post om at du kan lese dokumentet i den valde postkassen eller i Altinn.

Verksemder/organisasjonar kan lese dokumentet elektronisk i «Min meldingsboks» på [www.altinn.no](http://www.altinn.no) via rolla «Kommunale tjenester». Eit varsel blir sendt til den registrerte e-postadressa di eller som SMS.

Dokument som ikkje er opna i Altinn innan 2 virkedagar etter at dei er tilgjengelege i meldingsboksen, blir skrive ut og sendt via Posten.

Digitalt førsteval er vegen til raskare, enklare og sikrare samhandling med Hordaland fylkeskommune!

Med helsing  
Hordaland fylkeskommune





# HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Førespurnad under nasjonal terskel  
ved anskaffing av:

**Frakt av utstyr til «Sleeping Beauty»**



<b>FØRESPURNAD UNDER NASJONAL TERSKEL</b> .....	1
<b>VED ANSKAFFING AV:</b> .....	1
<b>1 OPPDRAGET OG ADMINISTRATIVE FØRESEGNER</b> .....	3
1.1 Om Oppdragsgjevar .....	3
1.2 Oppdragsgjevar sin kontaktperson .....	3
1.3 Anskaffinga gjeld .....	3
1.4 Tidsplan.....	3
<b>2 KRAV TIL LEVERANDØRANE - KVALIFIKASJONSKRAV</b> .....	4
<b>3 KRAV TIL YTINGA OG TILDELINGSKRITERIUM</b> .....	4
3.1 Kravsspesifikasjon/skildring av leveransen.....	4
3.1.1 Generelt om leveransen.....	4
3.1.2 Gjennomførings- og leveringstidspunkt.....	4
3.1.3 Kontrakt .....	4
3.2 Tildelingskriterium.....	4
<b>4 REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN</b> .....	5
4.1 Anskaffingsprosedyre .....	5
4.2 Forenkla kunngjering.....	5
4.3 Krav til tilbodet og innleveringsstad .....	5
4.4 Tilbodsfrist.....	5
4.5 Vedståingsfrist.....	6
4.6 Tildeling av kontrakt og grunngjiving.....	6
4.7 Innsyn i dokument .....	6
<b>5 VEDLEGG</b> .....	6

## 1 Oppdraget og administrative føresegner

Hordaland fylkeskommune inviterer dykk til å delta i konkurransen om frakt av utstyr til «Sleeping Beauty».

### 1.1 Om Oppdragsgjevar

Hordaland fylkeskommune er ein av fylket sine største arbeidsgjevarar med 4 600 tilsette, eit årleg driftsbudsjett på om lag 7700 millionar kroner og eit investeringsbudsjett på om lag 4400 millionar (2014), og eit årleg driftsbudsjett på om lag 7 087 millionar kroner (2014).

Organisasjonen Hordaland fylkeskommune (HFK) består av Fylkesadministrasjonen, Bybanen Utbygging, Skyss, om lag 435 vidaregåande skular, og 6 tannhelsedistrikta med totalt 56 tannklinikkar.

Kultur- og idrettsavdelinga ved seksjon for kunst og kulturformidling jobbar mellom anna med formidling av kunst- og kulturuttrykk av ypparste kvalitet til alle elevar i grunnskulen og i vidaregåande skule i Hordaland. Produksjonen det her gjeld, inngår i dette formidlingsprogrammet.

### 1.2 Oppdragsgjevar sin kontaktperson

Kontaktperson hjå oppdragsgjevar er:

Namn:	Guro Strand
Postadresse:	Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen
e-post	guro.strand@hfk.no

Eventuelle spørsmål skal rettast til kontaktpersonen.

Det skal ikkje være kontakt/kommunikasjon med andre personer hos oppdragsgjever enn nemnde kontaktperson.

### 1.3 Anskaffinga gjeld

Anskaffinga gjeld frakt av scenografi og teknisk utstyr frå Caen i Normandie i Frankrike, til Agnes Mowinckels gate 5 i Bergen, og tilbake til Caen.

### 1.4 Tidsplan

Aktivitet	Tidspunkt
Invitasjonen sendt til tilbydarar	02.09 2016
Frist for å levere tilbod	14.09 2016 kl. 12.00
Tilbodsevaluering og val av tilbod	Veke 37
Kontraktinngåing	Veke 37

## 2 Krav til leverandørane - kvalifikasjonskrav

Krav til leverandøren:

Vi søker ein erfaren, trygg og påliteleg leverandør.

Dette skal dokumenterast ved:  
Dokumentasjon av relevant erfaring.  
Referansar.

## 3 Krav til ytinga og tildelingskriterium

### 3.1 Kravsspesifikasjon/skildring av leveransen

#### 3.1.1 Generelt om leveransen

Anskaffinga gjeld frakt av 4 kolli.  
Kolli 1: Kasse. 104 cm x 87cm x 56cm.  
Kolli 2: Kasse. 112 cm x 56cm x 56cm.  
Kolli 3: Kasse. 65cm x 65cm x 100cm.  
Kolli 4: Kasse. 65cm x 65cm x 100cm.

Kassane inneholder scenografi og teknisk utstyr til produksjonen «Sleeping Beauty».

Ein forventar at leveransen kjem frem til avtalt tidspunkt og i same forfatning den var i då den vart henta.

#### 3.1.2 Gjennomførings- og leveringstidspunkt

- Frakt frå Caen til Bergen. Hentedato: 19. september 2016.  
Levering i Bergen seinast 23. oktober klokka 12:00.
- Frakt frå Bergen til Caen. Leveringsdato: 7. november 2016.  
Hentast i Bergen tidlegast 1. november klokka 12:00.

#### 3.1.3 Kontrakt

Avtaleforholdet vil bli regulert av gjeldande kontraktvilkår for Hordaland fylkeskommune og med standard formular for kontrakt.

## 3.2 Tildelingskriterium

Tildeling av kontrakt skal skje på basis av kva for eit tilbod som er det økonomisk mest fordelaktige ut ifrå følgjande kriterier:

Tildelingskriterium	Prioritet/vekt
Pris	50
Erfaringar frå liknande oppdrag	25
Service og levering – referansar som viser pålitelegheit og serviceinnstilling	25

## 4 Regler for gjennomføring av konkurransen

### 4.1 Anskaffingsprosedyre

Konkurransen vert regulert av lov og forskrift om offentlige anskaffelser. Denne anskaffinga si berekna verdi er under den nasjonale terskelverdi på kr 500 000 ekskl.

mva. og er friteken frå kunngjøringsplikta. Konkuransen vert gjennomført etter forskrifa sine alminnelege føresegner (del I) og dei føreseggnene som følgjer av dette konkurransegrunnlaget.

### Forhandlingar

Oppdragsgjevar tek etterhald om å invitere tilbydarane til forhandling/samtale etter tilbodsinnlevering. Forhandlingar vil i så fall bli gjennomførte i samsvar med dei grunnleggjande krava i FOA § 3-1 og reglane om teieplikt i § 3-6.

Etter eventuelle forhandlingar er avslutta, vil tilbydarane kunne levere eit revidert tilbod.

Oppdragsgjevar oppmodar tilbydarane om å gi sine beste prisar i første tilbod, då forhandlingar i denne konkurransen er ein opsjon for oppdragsgjevar.

### 4.2 Krav til tilbodet og innleveringsstad

Tilboden skal leverast på norsk. E-posten skal merkast **Frakt av utstyr til «Sleeping Beauty»**.

Ved innlevering skal det følgje med et tilbodsbrev som skal være datert og signert av person med fullmakt, kor det tydeleg skal gå fram:

- Leverandøren sitt namn
- Adresse
- Organisasjonsnummer
- Kontaktperson med e-postadresse og telefonnummer
- Eventuelle etterhald med tilvising til kvar i tilboden etterhaldet finst

Tilboden skal leverast til:

Namn: Hordaland fylkeskommune ved Guro Strand

E-post: guro.strand@hfk.no

### 4.3 Tilbodsfrist

Tilbodsfrist er sett til **14. september klokka 12.00**.

Tilboden skal være oppdragsgjevar i hende på innleveringsstaden før utløpet av tilbodsfristen. For seint innlevert tilbod vil bli avvist. Dette gjeld også dersom forseinkinga skyldast tredjepart (posten, bodfirma, etc.).

### 4.4 Vedståningsfrist

Leverandørane er bunde av tilboden til **8. november 2016 klokka 00:00**.

### 4.5 Tildeling av kontrakt og grunngjeving

Leverandørar som har delteke i konkurransen vil få ei skriftleg tilbakemelding om kven oppdragsgjevar vil inngå kontrakt med, og grunngjeving for valet.

## 4.6 Innsyn i dokument

Ålmenta har rett til innsyn i tilbod og protokoll etter at tilbydar er valt – sjå lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23 tredje avsnitt, jf. forskrift av 7. april 2006 nr. 402 om offentlege anskaffingar (FOA) § 3-5. Oppdragsgjевaren er pålagd å følgje prinsippet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

I tilboden må det gå klart fram kva opplysningar tilbydaren meiner er omfatta av teieplikt etter FOA § 3-6, eller som av andre grunnar skal vere unntekne frå innsyn. Oppdragsgjevaren gjer merksam på at informasjon frå tilbydaren berre er rettleiande, då oppdragsgjevaren pliktar å gjere ei sjølvstendig vurdering av krav om innsyn opp mot lovverket, jf. offentleglova.

## 5 Vedlegg

Kontraktmal med gjeldande kontraktvilkår.



# HORDALAND FYLKESKOMMUNE

## Kontrakt

Kontrakten gjeld:

[Kort forklaring]

Kontrakt mellom:

[Namn på Oppdragsgjever]

(heretter kalla oppdragsgjever)

og

[Namn på Leverandøren]

(heretter kalla leverandør)

For oppdragsgjeveren:

[Stad/dato]

For leverandøren:

[Stad/dato]

[Namn til den som signerer]

[Tittel]

[Namn til den som signerer]

[Tittel]

Det er skriven ut [kor mange] eksemplar av denne kontrakten. Oppdragsgjever og Leverandør har kvar motteke [kor mange] eksemplar.

## GENERELT

Kontrakten er dette avtaledokumentet og dei Alminnelege innkjøpsvilkår for tenester.

## FORMÅLET MED KONTRAKTEN

Kontrakten skal dekke det oppdragsgjevaren treng av tenester som omtalt i førespurnaden.

Formålet med kontrakten er å regulere rettar og plikter til partane i samband med kjøp av tenestene.

## AVTALEN GJELD I TIDSROMMET

Avtalen gjeld frå [dato ] til [dato ] / til innhaldet i kontrakten er levert.

## OMFANG

Leveransen skal vere i samsvar med kontrakten og

Vedlegg 1: Kravspesifikasjon  
Vedlegg 2: Leverandør sitt tilbod

Dokumenta er lista opp i prioritert rekkefølgje.

## PRIS- OG BETALINGSVILKÅR

Det er avtalt følgjande prisar for oppdraget:

Pristabell: / Sjå vedlegg 2

Leverandør skal fakturere etter følgjande plan:

Nr	Plan for fakturering:	Betaling av totalpris
1	Ved oppstart /milepæl.....	....%
2	Ved godkjent avslutta / milepæl .....	....%
3	Ved godkjenning av sluttrapport	....%

Betalingsvilkår går fram av dei Alminnelege innkjøpsvilkår for tenester punkt 2. Dette utgjer oppdragsgjevar sine fulle og heile pris- og betalingsvilkår etter denne kontrakten.



## KONTAKTPERSONAR

Oppdragsgjevar sin kontaktperson for kontrakten er:

Namn:	
e-post:	
Telefon:	
Postadresse:	

Leverandør sin kontaktperson for kontrakten er:

Namn:	
e-post:	
Telefon:	
Postadresse:	

## **FAKTURERING**

Faktura til Hordaland fylkeskommune skal sendast elektronisk i EHF-format via aksesspunkt. Faktura pr. post eller e-post vert returnert.

Elektronisk fakturaadresse: **9908:938626367**

Generell informasjon om elektronisk faktura finn de på DIFI sine sider,  
<http://www.anskaffelser.no/temaer-elektronisk-handel/hvordan-komme-i-gang-kjoper/komme-i-gang-med-ehf>, og Hordaland fylkeskommune sine heimesider, <http://www.hordaland.no/tenester/Faktura-til-Hordaland-fylkeskommune/>.

Spørsmål kring etablering av elektronisk faktura kan rettast til:

Fylkeskassen E-post: [fylkeskassen@hfk.no](mailto:fylkeskassen@hfk.no)

Telefon: 55 23 90 43

Leverandøren må informere Fylkeskassen i Hordaland fylkeskommune før sending av første elektroniske faktura, slik at vi kan stadfeste at fakturaen har kome fram og at den har korrekt merking.

Hordaland fylkeskommune skal ikkje ha samlefaktura. Dette vil sei at ein faktura skal vere basert på berre ein ordre og referere til eitt innkjøpsordrenummer eller rekvisisjonsnummer.

Ved avvik mellom ordrebeløp og mottatt faktura, skal oppdragsgjevar varsle leverandøren om avviket innan betalingsfristen for faktura. Leverandøren skal utan ugrunna opphold rette opp avviket og sende kreditnota til oppdragsgjevar.

## Merking av faktura

### **1. Deres referanse**

Deres referanse er eit obligatorisk felt i EHF-standarden. Hordaland fylkeskommune nyttar eit sekssifra ressursnummer for at din faktura skal gå automatisk på flyt til rett mottakar/behandlar når fakturaen ikkje er basert på ein innkjøpsordre. Det er difor viktig at du inkluderer ei gyldig fakturareferanse i den elektroniske fakturaen og ikkje berre i vedlegget. Alle som bestiller på vegne av Hordaland fylkeskommune skal oppgje sitt ressursnummer. Døme på eit gyldig ressursnummer: 130317

Aktuelt ressursnummer for denne kontrakten er: XXXX

Deres referanse i xml-filen

AccountingCustomerParty/Party/Contact/ID

## 2. Kontraktnummer/rekvisisjonsnummer

Hordaland fylkeskommune nyttar kontraktnummer/rekvisisjonsnummer for automatisk matching av dine faktura mot kontrakt/rekvisisjon. Det er difor viktig at du inkluderer kontraktnumeret/rekvisisjonsnummer på fakturaen om dette er tilgjengeleg. Døme på eit gyldig rekvisisjonsnummer: REK-123456

## 3. Innkjøpsordrenummer

Hordaland fylkeskommune nyttar innkjøpsordrenummer (IO-nummer) for automatisk matching av dine fakturaer mot sendt ordre. Det er derfor viktig at du inkluderer ordrenumeret på fakturaen om dette er tilgjengeleg. Døme på eit gyldig ordrenummer: IO-101245.

Ordrenummer i xml-filen

OrderReference/ID



Alminnelege innkjøpsvilkår for tenester

**1 Bruk**

- 1.1 Desse alminnelege innkjøpsvilkåra gjeld for kjøp av tenester til Hordaland fylkeskommune.
- 1.2 Leverandøren er den addresaten som bestillinga er stila til og/eller det er inngått avtale med.
- 1.3 Eventuelle avvikande kontrakts-/leveringsvilkår er utan verknad for leveransen med mindre oppdragsgjevaren skriftleg har godteke dei.

**2 Pris og betalingsvilkår**

- 2.1 Prisen skal vere avtalt på førehand mellom partane. Prisen inkluderer alle kostnader. Prisen skal vere avtalt eksklusive meirverdiavgift.
- 2.2 Endringar i valutakursar inntil +/- 5 % frå dato for oppstart av avtale medfører ikkje endring av kontraktprisen. Ved valutaendringar utover dette kan/shal Leverandøren justere sine valutautsatte prisar. Prisendringar med bakgrunn i valutaendringar kan maksimalt skje kvarthalvis.
- 2.3 Fakturering skal skje etterskotsvis med betaling per 30 dagar. Betalingsfristen startar ikkje å løpa før levering har skjedd og godkjend faktura er motteken.
- 2.4 Godkjend faktura skal vere spesifisert slik at oppdragsgjevaren kan kontrollere at det som er fakturert, er levert i samsvar med kontrakten. Det blir ikkje akseptert fakturagebyr, purregebyr eller andre gebyr. For fakturering etter tidsbruk skal tidsbruken spesifiserast.
- 2.5 Ved forseinka betaling kan leverandøren krevje forseinkingsrenter i samsvar med lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinkel betaling mv.
- 2.6 Leverandøren kan ikkje overdra fakturaer til tredjemann for innkrevjing utan samtykke frå oppdragsgjevaren på førehand.

**3 Levering**

- 3.1 Levering blir rekna som utført når tenesteytinga er gjennomført i samsvar med det som er avtalt, og oppdragsgjevaren har godkjent leveransen.
- 3.2 Dersom tenesteytinga består av utgriatings- eller utviklingsoppdrag, reknar ein leveringa som utført først når aktuelle dokument o.l. er overleverte, og oppdragsgjevaren har godkjent dei.

**4 Risikoovergang**

Risikoen går over frå leverandøren til oppdragsgjevaren ved levering.

**5 Leverandøren sine kontraktplikter**

5.1 Alminnelege plikter

- 5.1.1 Tenesteytinga skal gjennomførst etter avtalen og skal utførast profesjonelt, effektivt og med høg fagleg standard.
- 5.1.2 Leverandøren skal samarbeide lojalt med oppdragsgjevaren og ivareta oppdragsgjevaren sine interesser.

5.2 Tenesteytinga sine eigenskapar

- 5.2.1 Leverandøren skal utføre tenesteytinga i samsvar med kontrakten. Tenesteytinga skal elles vere eigna for det tiltenkte formålet.
- 5.2.2 Leverandøren er ansvarleg for at utføringa av tenesteytinga skjer i samsvar med gjeldande lovgiving og i samsvar med relevant bransjeregelverk og eventuelle andre reglar som kan ha innverknad på utføringa av tenesteytinga. Leverandøren skal innhente og vidareføre alle nødvendige løyve for utføring av tenesteytingar og på oppmoding frå oppdragsgjevaren leggje fram dokumentasjon på at nødvendige løyve finst.

5.3 Garanti

- 5.3.1 Leverandøren tek på seg ansvar for feil og manglar som måtte bli påviste i dei første 24 månadene etter levering. For deloppdrag reknar ein fristen frå heile tenesteytinga er levert. Garantitida skal likevel ikkje vere kortare enn alminneleg praksis for den aktuelle bransjen. Leverandøren skal i garantitida

snarast råd og for eiga rekning rette feil og manglar ved leveransen, slik at han er utan feil og manglar av noko slag.

- 5.3.2 Føresegna her avgrensar ikkje retten oppdragsgjevaren har til å fremje alminnelege mangelsanksjonar.

**5.4 Overføring av rettar, rettsmanglar**

- 5.4.1 Eigedomsrett, opphavrett og andre relevante materielle og immaterielle rettar til tenesteytinga tilkjem oppdragsgjevaren når betaling har skjedd, med mindre anna er skriftleg avtalt, og med dei avgrensinger som følger av annan avtale eller ufråvikeleg lov.
- 5.4.2 Leverandøren skal levere tenesta fri for tredjemannskrav som ikkje er omtalte i avtalen, og skal halde oppdragsgjevaren skadefri for alle former for tredjemannskrav.
- 5.4.3 Leverandøren har rettane til eigne verktøy og metodegrunnlag. Begge partane kan også utnytte generell kunnskap (*knowhow*) som ikkje er underlagd teieplikt, og som dei har tileigna seg i samband med tenesteytinga.

**5.5 Overføring av dokument**

Der tenesteytinga er representert ved dokument, skal desse dokumenta leverast saman med tenesteytinga.

**5.6 Underleverandørar**

Med mindre anna er avtalt mellom partane, kan leverandøren nytte underleverandørar til å oppfylle pliktene sine etter kontrakten. Leverandøren er likevel ansvarleg for å oppfylle heile leveransen. Oppdragsgjevaren har rett til å underkjenne valet av underleverandør dersom det er sakleg grunn til det.

**5.7 Forsikringar**

Leverandør har ansvar for aktuelle forsikringar fram til risikoen går over på oppdragsgjevaren.

**5.8 Varslingsplikt**

Blir leverandøren hindra i å oppfylle pliktene sine til rett tid, skal han utan ugrunna opphald melde frå til oppdragsgjevaren om hindringa og kva følger det får. Leverandøren skal kunne dokumentere når og korleis slik melding blei gjeven.

**6 Oppdragsgjevaren sine sanksjoner ved misleghald**

6.1 Reklamasjonsperiode

- 6.1.1 Dersom oppdragsgjevaren ønskjer å gjøre gjeldande misleghaldsverknader, må han gi skriftleg melding til leverandøren om mangelen innan rimeleg tid etter at han oppdaget eller burde ha oppdagat han.
- 6.1.2 Reklamerer ikkje oppdragsgjevaren innan to – 2 – år etter levering, kan han ikkje seinare gjøre mangelen gjeldande. Det gjeld ikkje dersom leverandøren var garanti eller annan avtale har teke på seg ansvar for mangelen i lengre tid.
- 6.1.3 Oppdragsgjevaren kan uansett gjøre mangelen gjeldande dersom leverandøren har opptrødd forsettleg, grovt aktlaust eller i strid med ærleg framferd og god tru.

**6.2 Brot på varslingsplikt**

Dersom oppdragsgjevaren ikkje får slikt varsel som bestemt i pkt. 5.8 innan rimeleg tid etter at leverandøren fekk eller burde ha fått kjennskap til hindringa, kan han krevje erstatta tap som kunne vore unngått om han hadde fått meldinga i tide.

**6.3 Tilbakehalding av betaling**

Har oppdragsgjevaren krav som følgje av misleghald frå leverandørens side, kan han halde tilbake så mykje av vederlaget som misleghaldet utgjer av det samla vederlaget.



#### 6.4 Dagbot

- 6.4.1 Dersom leverandøren ikkje held fristar som avtalt, ligg det føre forseinking, som gjev grunnlag for dagbot. Ved forseinking byrjar dagbot automatisk å løpe.
- 6.4.2 Dagbota utgjer 1 prosent av vederlaget for den delen av leveransen som blir påverka av forseinkinga, per kvar dag forseinkinga varer, avgrensa til tjue – 20 – kvardagar. Dagbota utgjer uansett minimum 1000 kroner per kvar dag.
- 6.4.3 Så lenge dagbota går, kan oppdragsgjever ikkje heve avtalen. Det gjeld ikkje dersom leverandøren eller nokon han svarer for, har opptrødd forsettleg, grovt aktlaust eller i strid med ærlig framferd og god tru.

#### 6.5 Prisavslag

- 6.5.1 Dersom det tross gjentekne forsøk ikkje har lukkast leverandøren å avhjelpe ein mangel, kan oppdragsgjever krevje høveleg avgjeld i kontraktsummen. Prisavslag er kompensasjon for redusert verdi av det leverte, og er uavhengig av eventuell erstatning

#### 6.6 Heving

- 6.6.1 Om det ligg føre vesentlig misleghald, kan oppdragsgjever etter å ha gjeve leverandøren skriftleg varsel og rimeleg frist til å bringe forholdet i orden, heve avtalen med omgående verknad.
- 6.6.2 Oppdragsgjever kan heve heile eller deler av avtalen med omgående verknad dersom yttinga er vesentleg forseinka. Vesentleg forseinking ligg føre når levering ikkje er skjedd når maksimal dagbot er nådd, eller etter utløpet av ein tilleggsfrist dersom den går ut seinare.
- 6.6.3 Dersom misleghaldet er av ein slik art at oppdragsgjever har lite eller ingen nytte av det leverte kan oppdragsgjever i samband med heving krevje tilbakebetalte vederlag for timer og eventuelle utgifter som leverandøren har motteke under avtalen, med tillegg av renter, tilsvarende NIBOR pluss 1 (ein) prosent, frå det tidspunkt betaling er skjedd. Elles skal oppdragsgjever betale for yttingar som var kontraktmessig levert før hevingstidspunktet i den utstrekning oppdragsgjever kan nytte desse yttingane som føreset.

#### 6.7 Erstatning

- 6.7.1 Oppdragsgjever kan krevje erstatta eit kvart direkte tap som følgjer av forseinking, mangel eller anna misleghald med mindre leverandøren godtgjører at misleghaldet eller årsaka til misleghaldet ikkje skuldast leverandøren.
- 6.7.2 Dagbøter kjem til frådrag i eventuell erstatning for same forseinking.

#### 6.8 Erstatningsavgrensing

- 6.8.1 Erstatning for indirekte tap kan ikkje krevjast. Som indirekte tap reknast tap som nemnd i kjøpslovens § 67 andre ledd.
- 6.8.2 Erstatningsavgrensingane i denne føresegna gjeld ikkje kostnadar ved vanlege tiltak som kompenserer at leveransen er forseinka eller har manglar, og kostnadar ved tiltak som avgrensar anna tap enn nemnd over.
- 6.8.3 Samla erstatning i avtaleperioden er avgrensa til eit beløp som svarar til kontraktsummen ekskl. meirverdiavgift eller et avtalt estimat for oppdraget.
- 6.8.4 Desse avgrensingane gjelder likevel ikkje dersom leverandørne eller nokon denne svarar for, har utvist grov aktløyse eller forsett.

### 7 Oppdragsgjever sine kontraktplikter

- 7.1 Generelle plikter  
Oppdragsgjever skal lojalt medverke til at kontrakten blir gjennomført.

#### 7.2 Varslingsplikt

Blir oppdragsgjever hindra i å oppfylle pliktene sine til rett tid, skal han utan ugrunna opphald gje melding til leverandøren om hindringa og kva følger det får. Oppdragsgjever skal kunne dokumentere når og korleis slik melding blei gitt.

#### 8 Leverandøren sine sanksjonar ved misleghald

- 8.1 Brot på varslingsplikta  
Dersom leverandøren ikkje får slikt varsel som bestemt i pkt. 7.2 innan rimeleg tid etter at oppdragsgjever fekk eller burde ha fått kjennskap til hindringa, kan han krevje erstatta tap som kunne vore unngått om han hadde fått melding i tide.

#### 8.2 Leverandøren sin tilbakehaldsrett

Leverandøren kan ikkje halde tilbake yttingar som følge av misleghald frå oppdragsgjever si side. Dette gjeld likevel ikkje dersom misleghaldet er vesentleg.

#### 8.3 Erstatning

Leverandøren kan krevje erstatta eit kvart direkte tap som følger av misleghald i samsvar med punkt 7, med mindre oppdragsgjever kan godtgjøre at misleghaldet ikkje skuldast forhold på oppdragsgjever si side.

#### 8.4 Erstatningsavgrensinga i punkt 6.8 gjeld tilsvarende.

#### 9 Fritak frå kontraktplikter (force majeure)

- 9.1 Partane kan få fritak frå sine kontraktplikter etter denne kontrakten i tilfelle der det inntreff hindring utanfor partane sin kontroll som ein ikkje med rimeleg skjønn kunne vente at han skulle ha teke omsyn til på avtaletida, eller skulle ha unngått eller ha overvunne følgjene av i relasjon til oppfyllinga av éin eller fleire kontraktplikter.

- 9.2 Fritak frå kontraktplikter set som vilkår at den råka parten utan ugrunna opphald gjev den andre parten melding om hindringa, og at pliktene difor ikkje gjeld.

- 9.3 Fritaket frå kontraktplikter for den råka parten gjeld så lenge den ekstraordinære situasjonen varer.

#### 10 Overføring av rettar og plikter

Overføring av kontrakten – eller delar av han – kan berre finne stad etter skriftleg samtykke frå oppdragsgjeveren. Dersom leverandøren fusjonerer eller fisjonerer, har oppdragsgjever rett til å heve kontrakten med det same.

#### 11 Endring, stansing og avbestilling

- 11.1 Dersom oppdragsgjever etter at kontrakten er inngått, har behov for å endre krava til ytting eller andre føresetnader for avtalen på ein slik måte at karakteren eller omfanget av tenesteytinga blir annullis enn avtalt, kan oppdragsgjever be om endringsavtale.

Ved krav om endringar kan leverandøren krevje justeringar i vederlag eller tidsplanar dersom han sannsynleggjør eit grunnlag for slike justeringar. Krav om justert vederlag eller tidsplan må setjast fram seinast samtidig med at leverandøren svarar på oppmodinga frå kjøparen om endringsavtale.

Oppdragsgjever kan krevje at tenesteytinga blir redusert eller auka inntil tilsvarende 20 prosent av vederlaget for heile tenesteytinga. Prisen skal i så fall endrast i tråd med reduksjonen eller auka. Leverandøren kan ikkje krevje kompensasjon for slik eventuell reduksjon.

Er partane ueinige om beløpet som skal leggjast til eller trekkjast frå vederlaget, eller andre konsekvensar som følge av endringa, skal leverandøren likevel setje i verk endringa utan å vente på endeleg løysing av tvisten.

- 11.2 Oppdragsgjever kan krevje at gjennomføringa av tenesteytinga blir stansa mellombels. Kravet skal setjast fram skriftleg. Det skal opplystast når tenesteytinga skal stansast, og når ho er planlagd teken opp att.



Ved mellombels stans skal oppdragsgjever erstatte følgjande:

- a) Leverandøren sine dokumenterte kostnader knytt til omdisponering av personell
- b) Andre direkte kostnadar som leverandøren blir påført som følgje av stansinga

11.3 Oppdragsgjever kan avbestille tenesteytinga med tretti – 30 – dagars skriftleg varsel. Reduksjon av tenesteytinga på inntil 20 prosent av vederlaget for heile tenesteytinga blir rekna som endring og ikkje avbestilling.

Ved avbestilling før tenesteytinga er fullført, skal oppdragsgjever betale følgjande:

- a) Det beløpet leverandøren har til gode for allereie utført arbeid
- b) Leverandørens dokumenterte kostnadar knytt til omdisponering av personell

- c) Andre direkte kostnader som leverandøren blir påført som følgje av avbestillinga

**12 Reklame**

Leverandøren må innhente førehandsgodkjenning frå oppdragsgjevaren dersom han for reklameformål eller på annan måte ønskjer å gje offentlegheita informasjon om kontrakten ut over å oppgje leveransen som generell referanse.

**13 Tvistar**

Dersom det oppstår tvist om tolkingar eller rettsverknad av vilkåra, skal det søkjast løyst ved forhandlingar. Fører forhandlingane ikkje fram innan avtalt tid, seinast innan fire veker etter det første forhandlingsmøtet, skal dei ordinære domstolane avgjere tvisten. Rettskretsen til oppdragsgjever er ret verneting. Tvistar som gjeld kontraktsinngåing, -oppfylling og/eller -tolking, skal avgjeraast etter norsk rett.

